Referat frå Haustmøte langrenn

Sogn og Fjordane Skikrins | 29. oktober 2026 | Digitalt møte, kl. 19.00 – 21.05.

Deltakarar:

Langrennskomitéen: Erik Brenne (Sogndal IL, leiar), Eline Orheim (Sogndal IL), Ellen E. Blom (Sogndal IL), André Haugsbø (Gaular IL), Torstein Bolstad Blikra (Gaular IL), Reidun Smørdal Hjelle (Haugen IL)

Dagleg leiar: Bodil Ryste

Andre deltakarar: Njål Ødegård (Sogndal IL), Knut Tore Nes Hjelle (Eid IL), Ann Kristin Grodås (Markane IL), Bjørnar Ring Karlsen (Førde IL), Aina Raasholm Fauske (Sogndal IL), Robert Frøysland (Førde IL), Amund Riiser (Sogndal IL), Antonia Karete Haugen (Markane IL), Thomas Bjørkelo (Breimsbygda IL), Per Fridolf Hillestad (Hafslo IL), Terje Fardal (Hafslo IL), Knut Kjærvik (IL Bjørn)

Oppsummeringa byggjer på transkripsjonen frå møtet og følgjer saklista. I tillegg er presentasjonen frå møtet lagt ut på www.skikrinsen.no

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

- Det kom ikkje fram merknader til innkallinga eller saklista. Saklista vart lagd til grunn for møtet.

2. Val av referent

- Det vart føreslått å nytte transkripsjonen som grunnlag for referat.
- Vedtak: Møtet vart transkribert. Dagleg leiar utarbeider deretter referat frå møtet.

3. Informasjon frå Skikrinsen og Langrennskomitéen

- Bodil Ryste er ny dagleg leiar frå 1. juni 2026. Melanie Hetkamp-Andersen skiklubbutviklar
- Skikrinsen informerte om utlån av utstyr, mellom anna rulleski. Klubbane må hugse medlemsrapportering innan 31. Desember (sjå presentasjonen for viktige punkt). Søknadsfristen for Telenorkarusellen er 1. desember.
- Det er mogleg å bestille trenarkurs – barnetrenar 4 timar, og det blei informert om ungdomsleiar-samlingar i Florø 3. november og Stryn 4. november.

4. Økonomi og marknad

- Arbeidet med å fornye sponsoravtalen med SpareBank 1 Sogn og Fjordane er i gang. SFE-avtalen gjeld til 2029. Intersport Erdal Sport gir rabatt til krins- og impulslagsutøvarar.
- Dagleg leiar orienterte om status for økonomi – sjå også presentasjon.

- Krins og klubbar si synleggjering av samarbeidspartnarar vart framheva som viktig.

5. Krins-/impulslag og breiddesamlingar

- Impulslaget har sju påmelde utøvarar. Krinslaget består av tre juniorar og éin senior.
- Det er opning for at utøvarar kan delta på enkeltsamlingar, og det har gitt god deltaking på fleire av samlingane. Simen Bækken er hovudtrenar. Samarbeidet med Hordaland vart omtala som positivt.
- Sommarskiskulen hadde over 30 deltakarar og 4 unge trenarar frå Skikrinsen. Stor suksess. Markane-samlinga hadde 83 påmelde og over 70 deltakarar på dagtid. Rulleskirenn på Langeland hadde om lag 25 deltakarar. Fleire klubbar planlegg samling på Beitostølen siste helga i november.

6. Fellesopplegg nasjonale renn og uttakskriterium

- LK-leiar gjorde greie for felles opplegg for reise, overnatting og smøring i samband med Hovudlandsrennet, junior-NM og junior-Norgescup.
- Dagleg leiar skal følgje opp med å legge ut informasjon om påmelding til fellesopplegg i god tid før sesongstart.
- Det vart tatt opp om krinsen skal stille eitt eller to lag i Kong Haralds Minnestafett; komiteen skal vurdere dette vidare, samt å ta ein gjennomgang på uttakskriteria til stafetten for tydeleggjering. Det vart stilt spørsmål ved om det var nok klassiske renn i forkant, til at det var mogleg å kvalifisere seg til stafetten.
- Til junior-NM i Trondheim (fristil) skal uttaket byggje på resultat frå junior-NM, Norgescup og krinscup i fristil distanse, med skjøn i jamne tilfelle.
- Det vart understreka at kriterium bør vere tydelege og kommuniserte tidleg.

7. NSF Timing og TD-/arrangørkurs

- TD-/arrangørkurs er planlagt på Skei 8. desember. Kurset skal vere praktisk retta, og det vart oppmoda om at kvar klubb sender minst éin deltakar. TD-rolla vart omtala som ei hjelparrolle, ikkje ei kontrollørrolle.
- Klubbane vart oppmoda til å gå over frå EQ Timing til NSF Timing. Løysinga kan integrerast med iSonen og støttar import av data, resultat og cup-poeng. Eksisterande tidtakingsutstyr kan nyttast vidare. Prisane som vart opplyste, var 875 kroner per år ved under 150 deltakarar og 1 875 kroner ved over 150 deltakarar.
- Det blir tilbydd opplæring på nett.
- Arrangørane vart oppmoda om å synleggjere sponsorar, dele bilete, publisere smøreinformasjon og samordne smøreråd.

8. Terminlista og aktivitetar 2026–2027

- Terminlista vart gjennomgått av Torstein Bolstad Blikra i Langrennskomitéen. Første utkast til terminliste vart gjennomgått i teamsmøte 7. september, og det har vore høve til å kome med innspel.
- Den geografiske fordelinga som vart omtala, var tre renn i Sogn, seks i Nordfjord og eitt sonerenn i Sunnfjord, i tillegg til tradisjonsrike arrangement som Kalsetrennet og Ribberennet.
- Utkastet til terminliste ligg i presentasjonen som vart publisert i framkant av møtet.
- Det vart teke opp antal teljande renn for premiering i cupen: 11–12 år: 4 av 10; 13–16 år: 5 av 10; 17–20 år: 5 av 9. Det kom forslag om å auke krava for enkelte aldersgrupper. For 11–12-åringar vil LK innføre lik premiering og å ta bort samanlagd cup-ranking.
- Det kom innspel om større variasjon i konkurranseformene, til dømes fellesstart, langrennscross, sprint, stafett og duatlon.
- LK går no gjennom innspela og kvalitetssikrar terminlista før publisering. Det gjenstår nokre avtalar på dato med to-tre av arrangørane.
- Sosiale tiltak i samband med KM, som bankett eller felles aktivitet mellom renndagane: Arrangørane vart oppmoda om å legge til rette for sosiale tiltak som bankett, og rimeleg overnatting (t.d. skule om mogleg).
- Krinsen ynskjer òg at det skal vere god informasjon rundt smørjetips for dei ulike renna, og at det kan vere ressurspersonar som bistår med smørjing på renn. LK jobbar vidare med dette framover mot sesongen.

9. Orientering frå haustmøte NSF Langrenn

- Haustmøtet i NSF Langrenn vart halde på Ullevål 8. oktober. Erik Brenne frå LK deltok.
- Tema var mellom anna økonomi, landslagsmodellar, saker frå krinsane og rekruttering av unge frivillige.
- Aldersgrensa for deltaking i seniorstafett er endra til 17 år og oppover; tidlegare kunne jenter på 15–16 år delta.
- Heile saklista og referat frå møtet er tilgjengeleg her: Høstmøte 2026 | Skiforbundet

10. Utstyrsavgrensing ski – pilot sesongen 2026–2027

- Saka vart orientering om frå Erik Brenne, leiar LK, med bakgrunn i oppfølging av tingvedtak på det nasjonale Haustmøtet.
- Det vart opplyst at NSF ikkje har kapasitet til å innføre nasjonale reglar denne sesongen. Krinsane kan vurdere lokale tiltak, og fleire krinsar har teke til orde for å setje i gang pilotar.
- I møtet vart det drøfta merking av ski for klassane 13–14 og 15–16 år, eit enkelt Excel-register og stikkprøvekontrollar. Det vart nemnt at ein i første omgang ikkje bør leggje opp til sanksjonar.
- Det var brei støtte til å redusere kostnads- og utstyrspresset. LK skal drøfte saka vidare på neste møte i november, med merksemd på haldningar og informasjon.

Norges Skiforbund
Sogn og Fjordane Skikrins

Saker som skal fylgjast opp av Langrennskomitéen/administrasjon i etterkant

- Sak 10 om utstyrsavgrensing.
- Sak 8 Terminlista; kvalitetssikring av datoar, innspel om variasjon i renntypar, teljande renn i SSF-cup, smøreservice og sosiale tiltak
- Sak 7 Kurs TD/arrangør, invitasjon og påmelding
- Sak 6 Informasjon og påmelding nasjonale renn, samt uttak Kong Haralds Minnestafett